

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.06.2019
SAKSHANDSAMAR: Hilde Christiansen/Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: **Regional rapport for ForBedring 2020**

ARKIVSAK: 2020/450
STYRESAK: **078/20**

STYREMØTE: **17.06.2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Oppsummering

ForBedring 2020 var tilgjengeleg for helseføretaka i føretaksgruppa Helse Vest og dei private ideelle i perioden 1. februar til og med 15. mars. Den 13. mars innførte regjeringa strenge smittevern tiltak for å redusera/slå ned smittespreinga av covid-19 viruset.

Dei fire RHF direktørane la 18. mars 2020 til grunn at det var behov for å stille vidare prosess knytt til ForBedring 2020 i bero på grunn av pandemisituasjonen. Denne informasjonen blei gitt vidare til alle involverte føretak i Helse Vest. Samtidig blei det informert om at det for dei einingane som kan, nyttar moglegheita til å jobbe med ForBedring.

Ein konsekvens av å stille vidare arbeid i bero den 18. mars 2020 var at fleire helseføretak i Helse Midt og Helse Sør-Øst verken fekk fullført ForBedring 2020 eller fekk starta undersøkinga. Helse Vest og Helse Nord var akkurat ferdig med gjennomføringa av ForBedring 2020.

Helse- og omsorgsdepartementet forventar at det årleg blir overlevert ein samla rapport frå RHF-a i tråd med føresetnadene for etablering av undersøkinga. Grunna situasjonen med koronapandemien har Helse- og omsorgsdepartementet lagt til grunn at det ikkje skal lagast ein nasjonal rapport for 2020.

Helse Vest har difor laga ein regional rapport med resultatata frå verksemder i føretaksgruppa Helse Vest inkludert dei private ideelle i regionen.

Den 30. april 2020 blei det sendt ut informasjon til føretaksgruppa Helse Vest om at tida var inne for å starte oppfølginga av resultatata frå ForBedring.

Føretaka melder tilbake om at dei fleste har ein plan om å være ferdig med oppfølgingsarbeid innan 1. september 2020.


Fakta

Følgjande verksemdar i føretaksgruppa Helse Vest har delteke i ForBedring 2020.

Deltaking i føretaksgruppa Helse vest	Private ideelle verksemdar
Helse Stavanger HF	Haraldsplass Diagonale Sykehus
Helse Fonna HF	Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus
Helse Bergen HF	Jæren Distriktpsikiatriske Senter
Helse Førde	Voss Distriktpsikiatriske Senter
Sjukehusapoteka Vest	Solli Distriktpsikiatriske Senter
Helse Vest IKT	Olaviken Alderspsikiatriske Senter
Helse Vest RHF	Betanien Sjukehus

Tabell 1: Verksemdar som har delteke i ForBedring

Meir enn 28 000 medarbeidarar/leiarar blei inviterte til å delta i undersøkinga. Over 21 000 har deltatt. Svarprosenten er på 75 % noko som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare forbetningsarbeid. Dette er ein god deltaking samanlikna med andre bransjar. Målet er ein svarprosent på minst 70 %.



Figur 1: Deltakingsrapport ForBedring 2020 på regionalt nivå.


Rapporten for 2020 presenterer gjennomsnittsskår, sprenging og referanse. I tillegg syner rapporten del medarbeidarar som har svart «heilt einig og litt einig» for kvart tema. For Teamarbeidsklima og Tryggleiksklima blir det i tillegg vist del einingar der minst 60 % av

medarbeidarane har svart «heilt einig eller litt einig» og del einingar der minst 80 % av medarbeidarane har svart «heilt einig eller litt einig». Hensikta med å slå i saman svaralternativa «heilt einig og litt einig» er å vise eit balansert perspektiv slik at medarbeidarar og leiarar kjenner seg igjen i resultatata.

Det er ønskeleg at vi kan gjere resultatata frå ForBedring 2020 tilgjengeleg på ein ressurseffektiv, pedagogisk og formålstenleg måte. Oppsummert er endringane frå føretaka som blei innført til ForBedring 2020:

1. Betre moglegheit for å samanlikne resultatata frå ulike år med kvarandre (inkludert heile 2018 rapporten)
2. Moglegheit til å kunne sjå utviklinga over tid for eit tema
3. Moglegheit til å kunne skilje på spørsmål i fane «2.2 Resultat overordna»
4. Halde fram med todeling av tema «Opplevd leiaråtferd» i resultatrapporten, men sikre at føresetnadane endra seg slik at ein kan være sikker på at kvar person kun svarar éin gong på temaet og at leiarar svara på sitt tema og medarbeidarar svara på sitt tema. Herunder ikkje todeling i spørjeskjemaet, men leggje til eit tilleggsspørsmål – Er du leiar med økonomi/personalansvar? (Ja/Nei)

Rapporten for 2020 inneheld moglegheit for samanlikning av resultatata med resultatata for både 2019 og 2018. Under er ein oppsummering av alle tema for alle involverte verksemdar i føretaksgruppa Helse Vest:



Figur 2: Resultat ForBedring 2020 per tema på eit overordna nivå.

Sjå vedlegg 1 – Regional rapport ForBedring 2020 for meir detaljert informasjon både på regionalt nivå, men og per føretak og samla for dei private ideelle.

Bruk av rapporten

Rapporten skal nyttast til lokal forbetring i den einkilde eining og det kan settast i verk felles tiltak for kvar av verksemdene. Det skal vere god involvering av medarbeidarar, verneteneste, leiarar og tillitsvalde.

Resultata frå ForBedring skal nyttast som eit dialogverktøy i lokalt forbetringsarbeid og skal understøtte det kontinuerlege forbetringsarbeidet med arbeidsmiljøet og pasienttryggleiken i sjukehusa.

Vedlegg 1 - Regional rapport ForBedring 2020